
Vår referanse 2020/44999-7
Dato 11.05.2020

Alver kommune
Postboks 4
5906 FREKHAUG

Kulturhistorisk fråsegn - Massefylling - gnr. 211, bnr. 5 Eikangerlien - Alver kommune

Seksjon for kulturarv i Vestland fylkeskommune har vurdert saka som regionalt kulturminnemynde.

Viser til brev datert 11.03.2020 med søknad om godkjenning av tiltak i ovanfor nemnde sak, samt vårt varsel om kulturhistorisk synfaring datert 31.03.2020.

Arkeologar frå Vestland fylkeskommune var på synfaring i området 11.05. Ut frå ei vurdering av potensialet for funn av hittil ukjende automatisk freda kulturminne i areala som skal fyllast igjen, er det ikkje naudsynt med ytterlegare markundersøkingar.

Vi har difor ingen avgjerande merknader i saka, men gjer merksam på meldeplikta etter kulturminnelova § 8, 2. ledd. Dersom automatisk freda kulturminne som gjenstandsfunn, flekkar med trekol eller konstruksjonar blir oppdaga under gjennomføring av tiltaket, må dette straks meldast til Vestland fylkeskommune, og alt arbeid stansast til rette forvaltingstyresmakt har vurdert funnet. Slik gransking vil bli utført mindre enn tre dagar etter at vi har fått melding om moglege funn.

Med helsing

Inger Lena Gåsemyr
fagleiar

Sigrun Wølstad
seniorrådgjevar

Brevet er elektronisk godkjent og har difor ingen handskriven underskrift